

INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 09- 2015 Torsdag 17. desember 44. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 28. januar 2016*

*Nytt stoff innan: 12. januar 2016*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til guds-teneste? Då kan du ringe kyrkje-kontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90**

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no  
www.austrheim.kyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Så heimeside og oppslag for meir informasjon.  
www.austrheimkyrkja.no

### Fredag 18. des. kl. 18.00

Førjulsgudsteneste i «Gudsteneste for alle»  
Kyrjekaffi under galleriet.

«Vi synger jula inn» som  
var kunngjort til Lervåg bedehus 22. des.  
Må diverre avlysast.

### Julafta

**Gudsteneste i kyrkja kl. 14.30 og kl. 16.00**  
Austrheim skulekorps spelar kl. 14.30  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

### 2. juledag kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste  
Dåp  
Takkoffer til Misjonselskapet

### Søndag 10. januar kl. 11.00

Lekmannsgudsteneste  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Søndag 31. januar kl. 11.00

Gudsteneste  
Presentasjon av det nye soknerådet

### Søndag 7. februar kl. 19.30

Syng deg glad kveld

### Søndag 14. februar . kl. 19.00

### Søndag 28. februar kl. 11.00

## EIN AVGRENSA GUD



På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oxen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang»

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lét seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lét seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte

25. okt Albert Areklett  
Oda Krossøy-Christensen
15. nov Thomas Methas Monslaup

### Vigde:

07. nov Nadia Pedersen og Tore Børjeson Lunde

### Døde

05. nov Aud Oddny Langøy Sævrøy



### Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2016

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 01/16	12. januar	28. januar
Nr. 02/16	09. februar	25. februar
Nr. 03/16	01. mars	17. mars (Påske stoff)
Nr. 04/16	26. april	12. mai (17.mai stoff)
Nr. 05/16	07. juni	23. juni (siste før ferien)

E-post: kyrkjeba@online.no

Brev: Kyrkjebakken, Austrheimvegen 1262, 5943 Austrheim.

# Takk

## Hjertelig takk

For blomster,helsingar og deltaking ved vår kjære mor Konstanse Kvernøy sin bortgang og begravelse.

Tusen takk spesielt til Geir Talberg for hjertevarme besøk til mor, gode ord til oss ,for bæreandakt i heimen og god stund på bedehuset.

Tusen takk også til Helge Keilegavelen som spelte og takk til Vatne begravelsesbyrå for god hjelp.

Tusen-tusen takk til de flinke kjøkkendamene og Odd Totland som gjorde det så vakkert etterpå.

Ikkje minst takk til Bjarnhild og Øystein Rong som leda minnestunda.

Stor takk fra oss for pengegåva til Lervåg bedehus. Takk også til heimesykepleien for god hjelp og omsorg.

Helsing Hildbjørg

Arvid og Kjell Helge med familiar

## Hjertelig Takk.

Vi vil sende en varm takk til alle som sendte oss blomster,helsingar og deltakelse i forbindelse med Aud Langøy Sævrøy sin bortgang

Hilsen

Ronny-Andre, Carsten, Arnt-Runar,  
Karin og Jan m/familie

## Hjarteleg takk

For all omtanke, telefonar, meldingar og fine blomsterhelsingar til heimane og båra ved vår inderleg kjære JENS MONGSTAD sin bortgang.

Takk til alle som var med oss i gravferda og ein særskild takk til sokneprest Harald Sundsbø som gjorde det til ein verdig og fin seremoni.

Helsing Hjørdis m/fam.

## Takk

til diakoninemda for den fine rosa eg fekk til 92 års dagen min og takk til Målfrid som kom med den!

Helsing Helga Kårdal

Hjarteleg takk til Diakoninemda og til Britt for rose og helsing på dagen min.

Helsing Kåre Øksnes

Hjarteleg takk for blomster, helsingar og besøk i anledning fødselsdagen min 01. nov.

Takk for rosa eg fekk og til Kjellaug som kom med den.

Helsing  
Kristine Soldal

Me i Lindåsneset sanitetslag vil prøva å få til ei trim/gym. gruppe.

Det vert heilt enkle oppgåver/treningar som alle kan vera med på.

**Me starter 14.1. og 28.1. 2016 kl.18.00**

Åse kjem og vert leiaren vår.  
Kom og ver med du og.  
Me vert på sanitetshuset på Litlås.

**Velkomen skal du vera.**

**JULEFEST I BAKKØY GRENDAHUS**

**LØRDAG 09.01.2016 KL.15.00**

Litt underhaldning, mat og gang rundt juletreet

Kanskje kjem julenissen

Alle hjarteleg velkomne

Arr. Bakkøy grendalag

## Årås Bedehus

Søndag 27. des.	Julefest kl 17:00. Andakt ved Jeanett Brakvatne.
Tirsdag 12. jan.	Bibeltime v/Helge Keilegavelen 19:00
Tirsdag 19. jan.	Bønneveld 19:00
Søndag 24. jan.	Formiddagsmøte 11:00, tale v/Sven Arne Hetlebakke
Tirsdag 02. feb.	Bønneveld 19:00
Søndag 07. feb.	Formiddagsmøte 11:00, Christian Skoge talar.

Meir info finn du på: [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Alle er velkomne til samlingane.



## Juletresalg ved Fønnes Senter

**Fra fredag 18. desember**  
Gran/ edelgran/furu

Willy Villanger  
Tlf: 913 20 974







# *Julenatt*

*Juleforestilling med Austrheim Songlag*

**Austrheim kyrkje**

**20.12.2015 kl. 20.00**

**Bill: kr 150,-**

Dir.: Steinar Ebbesvik  
Orgel: William Kay  
Piano Elisabeth J. Risnes  
Fløyte: Kari Tresnes

**Sal av billettar:**

**Mastrevik Bok og Papir, Free Sport, Fonnes Senter og ved inngangen.**

## Bruk kalendaren på kommunen si heimeside

På [www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no) finn du ein kalender som er meint å innehalda informasjon om arrangement som går føre seg i Austrheim. Her kan lag og organisasjonar no fritt legg inn sjølv.

Kalendaren skal **IKKJE** brukast til faste møtedager i t.d. ei foreining, eller faste treningar for fotballaget. Kalendaren er meint for arrangement som har allmenn interesse og er ope for større grupper.

### Framgangsmåte:

1. gå inn på kommunen si heimeside [www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)
2. klikk på «Sjå kalender for heile Nordhordland»
3. Klikk på registrer arrangement
4. Fyll inn og trukk på «send»

Austrheim kommune er ansvarlege for heimesida, og vil difor fjerna upassande innlegg.

Lukke til

## Kvifor julegudsteneste på 2. juledag ?

I alle år har Austrheim hatt høgtidsgudsteneste 1. juledag. Det er ikkje lengre den store kyrkjesøknaden som tidlegare tider.

Men årsaken er at dei på Fedje har spurd om dei kan få 1. juledag i år. Det har soknerådet i Austrheim sagt ja til og vi tek vår høgtidsgudsteneste 2. juledag kl. 11.00

## Julehelsing

**Tilsette i Kyrkjelyden og staben i Kyrkjebakken ynskjer folket i Austrheim ei velsigna julehelg.**

**Vel møtt til gudstenester på julaftan og 2. juledag.**







## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Vi ønsker alle en velsignet julehøytid!



**JULAFTEN kl 15:00 Gudstjeneste**

Andakt: Geir Talberg

Piano: Tormod Rebnord

Gruppe fra Kaland skulemusikklag deltar

**Søn 10.jan kl 11:00 Møte: Geir Talberg**

**Søn 24.jan kl 11:00 Møte: Torsten Mentzoni**

---

**Ungdomskvelder**

**8.januar      22.januar**

fredager kl 19:30 – 22:30

fra 7.klasse

**Takk til alle som støtta opp om  
Bedehusdagen på Årås.  
Det kom inn 51500 kr.  
Tusen takk til alle som var med  
på dagen og som støtta på ulike vis.**



### **Takk for gåver til lydanlegg i kyrkja.**

Tidlegare i år henvendte soknerådet v/økonomikomiteen seg til bedrifter i Austrheim, der det vart spurt om dei i samband med 150-års jubileet til kyrkja kunne vera interesserte å gje ei gåve til nytt lydanlegg i kyrkja.

Me takkar med dette dei som har valgt å bidra.



### **JULEFEST**

Hjarteleg velkomen til Årås bedehus 27 des kl.17!

Det vert god mat, sang, andakt av Jeanett Brakvatne,  
gang rundt treet og utdeling av barneblad til borna.

Stor og liten, ung og eldre; kom på ein kjekk kveld på bedehuset!

### **Betaling for KB**

I dette nr. av KB ligg der ein giroblankett.  
Betal KB, då kan vi halde fram med å lage bladet.

I blad i svart/kvitt kostar nesten kr. 10.000 i trykking,  
Når bladet er i fargar kostar det dobbelt så mykje  
i tillegg kjem utkjøring lokalt til ca. kr. 1.700.

Dei som får bladet med namn på, kostar det kr. 16.00 ekstra bare i porto.  
Så det kostar, men om alle betalar litt så skal det gå.

**Gironr. 3490.07.04196 Kyrkjebakken**

La oss  
feire jul  
sammen!

JULAFTEN  
kl 18.00  
Austrheim  
Samfunnshus

Det blir hyggelig julemusikk, servering av julemat, og vi ønsker å ha deg med oss for å lage hyggelig julestemning for alle. Alle ensomme, enslige, par, gamle som unge er velkommen.

For påmelding ring eller send melding/epost til Knut Owe Larsen, tlf 901 21 624, epost: knutowe@online.no  
Atle Utkilen, tlf 97 067 101, epost: atle@adu.no  
Frist for påmelding 21.12.2015.  
Arrangementet koster kr 200,-.

Sponset av:  
Austrheim Sokneråd • Samfunnshuset  
Knuter Catering AS • Austrheim Kommune v/Ungdomsklubben

## Julenatt i Austrheim

Eit unikt samarbeid mellom sokneråd, ungdomslag og ikkje minst folket i Austrheim fann stad i åra mellom 2005 og 2007. Det vil seie, det starta eigentleg jula 2004, då juleevangeliet vart illustrert med nokre av aktørane: gjetarar, englar og det levande Jesus-barnet.

Hausten 2005 gjekk ungdomslaget og soknerådet saman om kursing i regi av Vestlandske teatarlag. Vi lærte om lyssetting og teatersminke, om tekstframføring og kostymer. Utover hausten var det systove på Kyrkjelydshuset med produksjon av over 70 kostymar for folk i alle aldrar og storleiker, og det vart jobba for å få på plass lysbommar i kyrkja. Eit samansett kor spelte inn cd med julesongar, som alle skuleborna og barnehageborna i kommunen fekk før jul. Og så skulle det rekrutterast aktørar.

Jula 2005 var nær 100 austrheimingar i sving på to gudstenester. Unge og gamle saman, foreldre og born. Dei var gjetarar og englar, Augustus og Kvirinius som tok imot folk i våpenhuset, soldatar og ikkje minst; Maria og Josef og Jesusbarn. Dei som fødde oppunder jul dette året og dei følgjande åra måtte rekne med spørsmål om babyen kunne lånast ut på julafta.

Kva gjorde dette med oss?

Vi levde juleevangeliet desse åra med Julenatt i Austrheim. Vi fekk det ikkje oppleast eller preika over. Vi spelte det sjølv. Sjølv synst eg dei sterkast inntrykka var når gjetarane, der pensjonistlaget Neptun var godt representerte, fant fram til stallen og Jesusbarnet medan vi alle song «Nå vandrer frå hver en verdens krok... et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem».

Kvifor var samarbeidet med ungdomslaget så viktig?

Vi kunne berre klare dette løftet saman. Saman kunne vi drøfte og planlegge betre, det var fleire ressursar å spele på, vi rekrutterte aktørar breiare, og vi forankra prosjektet betre i bygda. Ungdomslaget fekk auka kompetanse inn mot si teaterverksemd og kyrkja fekk både tilrettelagt kyrkjerommet for bruk av lys og kostymar til bruk i skule- og barnehagegudstenester.

Det vart mykje presseomtale i dagane før julafta 2005. Til Vårt Land ga Liv Ulvøy Kjeilen, Linda Borlaug og Egon Askvik desse tipsa for jule-samarbeid: Våg å tenkje stort / Start planlegginga tidleg / Skap respekt begge vegar / Søk råd hos profesjonelle / Utfordre folk som elles ikkje vert spurde / Få kontroll på økonomien / Godt humør og ein venleg tone hjelper på alt samarbeid.

Og kva med oss som var på desse julaftagudstenestene, anten som aktørar eller vi sat i benkane?

Tilbakemeldingane var sterke og eintydige. Det gjer noko med oss når vi er med sjølv.

Ingen var berre tilhøyrarar eller tilskodarar. Vi sat attmed gjetarane, såg englane, og vi song julesongane saman. Og barnet vart lagt i krubba hos oss.

Hege Feet Askvik



## **Stor takk for gaver og bidrag til Kyrkjelydsarbeidet og vårt misjonsprosjekt i Mali**

Foreinga Kyrkjeprydning gjer årlege gåver til Kyrkjelyden.

Det siste dei no har meldt frå om at dei vil bidra med er kr. 8.000 i 2016 til Biblar til

5. klassingane. Dei vert invitert til kyrkja på etterjulsvinteren, då får dei overrekk sin eigen Bibel.

Stor takk for denne nye gåva og for andre gåver de gjer oss fast.

Misjonsforeingane til NMS på Austrheim samlar på sine foreiningsmøter inn store summer til misjonsprosjektet kyrkjelyden støttar i Mali.

Dei er ikkje så mange, og difor er det beundringsverdig at dei i 2015 har overrekk kr. 7.100 i bidrag til prosjektet. Dette er det arbeidet vår eigen Frode Brügger Sætre jobbar i.

Stor takk til alle i foreininga.

## **Takk til det gamle soknerådet og velkommen til det nye.**

Kyrkjelyden og administrasjonen vil retta ein stor takk til det avtroppande soknerådet. Særleg stor takk for omsorg, initiativ og god leiing til leiar Svanhild Vadøy Neteland og nestleiar Arne Lerøy.

Så ynskjer vi det nye soknerådet velkommen til 4 nye arbeidsår. Nyvald leiar er Helge Dyrkolbotn og nestleiar er Anny Bertelsen.

Be for soknerådet og deira arbeid.

## **LIKAR DU Å GÅ PÅ GRAVENE Å STELLE.**

Kan du tenka deg å ta ansvar for å stelle nokre graver.

På Austrheim gravplass har vi for tida ansvar for 31 graver.

Det skal plantast til 17. mai, påfyllast ein til to gonger om sumaren.

Plante lyng på hausten, og krans til jul (dette siste tek dei tilsette seg av)

5 av desse gravene er krigsgravene.

Vi har hatt litt problem med å få stellet til slik vi ynskjer.

Er det nokon som kan tenke seg å ta ansvar for å stella eit par graver ?

Eit lita godtgjersle for kvar grav.

**Ta kontakt med Kyrkjelydskontoret og Bodil Monslaup på tlf. 56 16 72 90**





Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



**Fotpleie**

21. des



**Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436**

### OFFER I AUSTRHEIM KYRKJE

Dette har kome inn på offer under gudstenestene  
frå 25/10-29/11:

Bergen søndagskulekrets	25. okt. kr. 4.890
Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	1. nov. kr. 4.130
Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden	15. nov. kr. 6.016
Sangkveld – dekking av utgifter	22. nov. kr. 1.275
Kirkens bymisjon	29. nov. kr. 4.622



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

## DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



### Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opptil 7,5 tonn
- Regsterskift
- Reparasjoner
- Servicer Intervall
- A/C/kilmaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glasskifte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt Innen dekk

### Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende under-spylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polering = 9 min
- Hver 6. vask gratis



### Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handel!  
[www.boschcarservice.no](http://www.boschcarservice.no)  
E-post: [fosbil@online.no](mailto:fosbil@online.no)



## Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*



**Panasonic  
varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!  
www.augustnorge.no

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Juleferie på biblioteket!

### Hovudbiblioteket:

Siste opningsdag 21. desember, og første opningsdag i det nye året vert 4. januar.



### Fonnes filial:

Siste opningsdag 17. desember og filialen opnar igjen 7. januar.

Vi ønskjer alle lånarar ein riktig god jul!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag	Fredag
17-19 Familie/born (foreldre med små born vert prioritert)	17-18 Alle 18-19 Alle 19-20 Alle
19-20 Pensjonistar	20-21 Alle
20-21 Vaksne	

**Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-**  
Bassenget sine opningstider fylgjer skuleruta

## AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

**BANDABUTIKKEN AS**

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL



## *Giving Hope To A Child (GHTAC)*

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår: [www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

<i>Stine B. Karlsen</i>	Styreleiar	<i>Jenfrid Stellberg</i>
	Styremedlem	Styremedlem
<i>Ole Moen</i>		<i>Monika Thorpe</i>
Forretningsfører		Styremedlem.

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Avskjedsgudsteneste for Harald Sundsbø 04.10.15



Kyrkjelyden ved festbordet framme i kyrkja

Soknerådsleiar Svanhild takkar og overrekkjer gåve



Soknerådsleiar Svanhild takkar og overrekkjer gåve



## Pyamasfest og flomlystenning i kyrkja 23.10.15



Avslutning med kveldssang og kveldsbøn.



3-åringar samla framme i kyrkja med Jostein og Wilco

Matøkta, kveldsmat er viktig.



Store og små ventar på at lysa skal bli tent.



Kyrkja i nytt lys.



Ordførar Per overrekkjer gåve til kyrkja; Nye flomlys.



Ordføraren overrekkjer blomstrar til kyrkjevevje Bodil.

Eg vil gjerne nytta høve til å senda ei helsing til Austrheim kyrkjelyd no på tampen av jubileumsåret for Austrheim kyrkje. Det var vanskeleg for meg å koma påskedag og eg fekk difor ikkje vera med på sjølve feiringa.

Men eg har mange gode minne frå Austrheim.

Når eg tenkjer på kyrkjelyden ser eg så mange ansikt, frå så mange samanhengar.

Dei eg fekk arbeida saman med, både av tilsette og frivillige, alle dei fantastiske konfirmantane, skulane og barnehagane, sjukeheimen. Samla til gudsteneste og til kyrkjelege handlingar i den vakre Austrheimkyrkja.

Eg må sjølvsagt trekkja fram "Gudsteneste for alle".

Mange spurte om ikkje alle gudstenester var for alle. Det er diverre ikkje alle som føler det slik.

Men desse gudstenestene var for alle.

Ei ekstra helsing til denne gjengen.

Vil også senda tankar til alle som har fått sorga i hus og som kvir seg til jul og til alle som slit med sjukdom.

Det kan hende at ei strime av lys kan pressa seg inn i det djupaste mørker.

Kom, vesle barn til meg,  
eg lengtar etter deg.

Kom, du som sorg kan linna,  
stig inn om her er smått.

Lat meg deg sjå og finna,  
då får eg det såg godt

beste helsing "gamlepresten"

Egon Askvik  
easkv@online.no



**Redaksjonen i Kyrkjebakken  
takker for i år og ynskjer alle  
våre lesarar  
ei riktig god jul og eit fredfullt  
nyttår.**

## Bøker til 3-åringane og 4-åringane, søndagskulens dag 25.10.15



Kyrkjevertane Hanne og Svanhild med materiell til dei små



Jostein og Svanhild deler ut bøker til 3- og 4-åringane.



Borna syng saman med Jostein, Wilko og presten Lavik.

## Konfirmantpresentasjon 15.11.15



Årets flotte konfirmanter



Dåpsbarnet

**Lysmessen 29.11.15**



Stemningsfullt i kirken



Dramatisering